



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 14.12.2023

Klokka 13.00 - 17.00

Stad: Thon Sandven Hotel, Norheimsund

Møteplan 2023 for Hardangerrådet, godkjent 08.09.2022 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

Orienteringar:

13.00 - 14.00 Nasjonalt frukt- og sidersenter v/Anna Gursli Langesæter Siderklynga

14.00 - 15.00 Løft blikket v/Kristoffer Relling

15.00 - 17.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 26/23 Meldingar

HR-sak 27/23 E134 - Arm til Bergen Uttale frå Hardangerrådet
MRK Utkast til uttale vert ettersendt.

HR-sak 28/23 Restfinansiering Hardangerkonferansen 2023

HR-sak 29/23 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

HR-sak 30/23 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar 2024 - 2025

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 07.12.2023

Roald Aga Haug/s
rådsordførar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Møtedato 14.12.2023

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 26.23 Meldingar

Melding 1: Brev med oppsigelse av samarbeidsavtale mellom Hardangerrådet og HMM
Helsehjelp til UkrainaIn frå Helse Bergen av 29.11.2023

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

Hardangerrådet v/rådsordfører
Postboks 78
5782 Kinsarvik

Bergen, 29 november 2023

Vedr.: Oppsigelse av samarbeidsavtale


Det vises til signert samarbeidsavtale mellom Hardangerrådet (HR) og Haukeland universitetssjukehus (HUS) vedr. Haukeland-Müller-Mowinckel (HMM) Helsehjelp Ukraina, signert 19. januar 2023.

HMM Helsehjelp Ukraina har siden mars 2022 vært et nødhjelpsprosjekt administrert og koordinert av HUS v/Avdeling for internasjonalt samarbeid, sammen med næringslivsaktørene Tor Fredrik Müller og Paal Christian Mowinckel.

Stiftelsen HMM Helsehjelp (org. 932 074 656) ble etablert i oktober 2023 og vil fremover overta aktivitetene og administrasjonen av helsehjelpen til Ukraina. HUS har en representant i styret til Stiftelsen og vil fremdeles bidra med støtte der det er mulig.

Vi takker for et godt samarbeid!

Vennlig hilsen



Grete Marie Eilertsen
Konstituert direktør
Avdeling for internasjonalt samarbeid
Haukeland universitetssjukehus

Haukeland Universitetssjukehus
Avdeling for internasjonalt samarbeid
Postboks 1400, 5021 Bergen



Møtedato 14.12.2023	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 28/23 Søknað om restfinansiering av Hardangerkonferansen 2023

Saksvedlegg:

Rekneskap Hardangerkonferansen 2023

Saksvurdering:

Hardangerrådet er vertskap og arrangør for Hardangerkonferansen kvart år. Frå og med 2023 er ikkje Vestland fylkeskommune og Eviny med som sponsorar, men Sparebankstiftinga Hardanger har auka sitt bidrag. For 2023 dekkjer dette likevel ikkje kostnadene. Konferansen søker difor om restfinansiering på kr 46.690 frå RNH restmidlar.

Hardangerkonferansen er ein svært viktig møteplass for heile Hardanger og konferansen er såleis eit viktig bidrag i arbeidet med å utvikla regionen for framtidig vekst og utvikling.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar Hardangerkonferansen 2023 og løyver kr 46 690. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".



HARDANGERKONFERANSEN 2023



Kinsarvik 05.12.2023

Gode medarrangør av Hardangerkonferansen 2023

Viser til hyggjeleg og godt samarbeid om Hardangerkonferansen 2023.

I 2023 er desse medarrangørar av konferansen:

Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger, Vestland Bondelag, Visit Hardangerfjord, Næringshagen i Ullensvang, Næringshagen i Hardanger og Voss, vertskommunen Ulvik herad og Hardangerrådet iks.

Hardangerkonferansen 2023 er ei oppfølging frå føregåande år med fokus på framtida for Hardanger. Konferansen er vedteken lunsj til lunsj-konferanse.

Tema 2005	Første konferanse i samband med Streif
Tema 2006	Hardanger 2030 -scenarier
Tema 2007	Saman for Hardanger si framtid
Tema 2008:	Herre i eige hus.
Tema 2009:	Hardanger som næringsregion
Tema 2010:	Internasjonale Hardanger
Tema 2011:	Nye Kommunikasjonar Rekruttering
Tema 2012:	Kompetanse og rekruttering i Hardanger
Tema 2013:	Nye Hardanger – fantasi eller framtidsherad
Tema 2014:	Næringsutvikling i Hardanger – Rammevilkår og framtid
Tema 2015:	Hardanger i vekst: Hardangerkvalitetane – vekstkraftige sentra
Tema 2016:	Hardanger i Omstilling: Merkevarer Hardanger - det grønne skiftet
Tema 2017:	Attraktive Hardanger: Føresetnader for å skapa ny vekst.
Tema 2018:	Berusande Hardanger
Tema 2019:	Digitale Hardanger
Tema 2021:	Nye spelereglar - grønt fokus-kven får grønt lys
Tema 2022:	Styring og bruk av eigne ressursar?

Konferansen 2023:

Klima, natur og berekraft.

Korleis dra nytte av klimaskiftet til vår fordel?

- *No er det alvor*
- *Klimaskiftet som ressurs*
- *Kva er konsekvensane for reiseliv?*
- *Løysingane finst berre ved satsing gjennom samarbeid !*

Målsetjing:

Skapa ein møteplass for næringsliv, offentlege tenester og politisk leiing med fokus på vekst og utvikling av Hardanger.

Arrangementet:

Hardangerkonferansen vert praktisk og teknisk arrangert av Hardangerrådet iks. Kostnadane for konferansen vert oppgjort av medarrangørar/sponsorar, samt arbeidsinnsats i Hardangerrådet iks. Arrangørane utnemner programkomité til konferansen. Vertskommunen er medarrangør og sit i programkomiteen.

Hardangerrådet takkar for at de var medarrangør av Hardangerkonferansen 2023. Her er oversikt over delfinansiering etter budsjett og avtale. Faktura vert sendt.

Budsjett og finansieringsplan:

Budsjett		Finansieringsplan	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Innleigde aktørar	48 000	Sparebaknstiftinga Hardanger	200 000
Konferansehotell	50 000	Sparebanken Vest	50 000
Marknadsføring	70 000	Vestland Bondelag	3 000
Eigeninnsats HR	30 000	Ulvik herad, verskommune	10 000
Programleiing/ nemnd	10 000	Visit Hardangerfjord	5 000
Forskingsrapport	100 000	Næringshagen i Ullensvang	5 000
		Næringshagen Hardanger Voss	5 000
		Hardangerrådet iks	30 000
SUM	308 000	SUM	308 000

Budsjett og finansieringsplan:

Rekneskap		Finansiering	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Innleigde aktørar	59 433	Sparebankstiftinga Hardanger	200 000
Konferansehotell	74 348	Sparebanken Vest	50 000
Marknadsføring	81 309	Vestland Bondelag	3 000
Programleiing/ nemnd	9 600	Ulvik herad, verskommune	10 000
Forskingsrapport	100 000	Visit Hardangerfjord	5 000
Hardangerrådet iks	30 000	Næringshagen i Ullensvang	5 000
		Næringshagen Hardanger Voss	5 000
		Hardangerrådet iks eigeninnsats	30 000
		Hardangerrådet iks	46 690
SUM	354 690	SUM	354 690

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 14.12.2023

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 30/23 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar for perioden 2024 - 2025

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene skal rådsordførar og rådsvaraordførar veljast for 2 år om gongen. Regionrådet/Representantskapet er det vedtaksføre organet i Hardangerrådet med unntak av dei fullmakter som er delegerte til styret.

Iflg. vedtektene skal regionrådet sjølv velja leiar og nestleiar som i selskapsavtalen er omtala som rådsordførar og rådsvaraordførar.

Normal prosedyre i Hardangerrådet si 30-årige historie er at verva har gått på omgang mellom kommunane/herada. Rådsordføraren og rådsvaraordføraren har vanlegvis sete to år om gongen og så rullert, unntatt første 3 åra. Rådsvaraordføraren har vore tenkt som påtroppande Rådsordførar. Men det er ingenting i selskapsavtalen som styrer slik praksis og einaste kravet er at vala skal vera for 2 år om gongen.

Siste åra har det vore slike rådsordførar:

1990-93	Leiv Vambheim, Eidfjord
1994-95	Sigvard Berge, Kvam
1996-97	Lars Haustveit, Ullensvang
1998-99	Olav Seim, Granvin
2000-01	Toralv Mikkelsen, Odda
2002-03	John Skogseth, Jondal,
2004-05	Jon Olav Heggseth, Ulvik
2006-07	Astrid Farestveit Selsvold, Kvam
2008-09	Solfrid Borge, Ullensvang
2010-11	Anved Johan Tveit, Eidfjord
2011-13	Ingebjørg Winjum, Granvin
2013-15	John Opdal, Odda
2015-17	Jon Larsgard, Jondal
2017-19	Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik
2019-21	Torgeir Næss, Kvam
2021-23	Roald Aga Haug, Ullensvang

Etter denne turnusen så står Eidfjord kommune for tur til å ha Rådsordføraren i 2024 - 2025, ved at Eidfjord kommune har hatt Rådsvaraordførar dei 2 siste åra.

Om ein følgjer etablert praksis justert for endringar i medlemskommunar vil Ulvik herad stå for tur til å ha Rådsvaraordførar for perioden 2024-2025.

Forslag til vedtak:

Til Rådsordførar for 2024-2025 vert vald: Timo Knoch, Eidfjord kommune

Til Rådsvaraordførar for 2024-2025 vert vald: Jens Olav Holven, Ulvik herad